



UNIVERSITETET I OSLO

Forskarforbundet ved UiO
NTL ved UiO
Parat ved UiO
Akademikarane ved UiO

Dato: 23.11.2022
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

Referat frå drøftings- og informasjonsmøte 23.11.2022

Frå organisasjonane

- Cecilie Wingerei Lilleheil og Bjørnar Sæther – Forskarforbundet
- Mattias Solbakken – Akademikarane
- Marie Sørhaug – NTL
- Ariel Sevendal - Parat
- Mari Gakkestad – lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

-
- Anne Julie Semb - dekan
- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Drøftingssak

1. Instituttbudsjetta for 2023

Budsjetta var utsendt saman med innkallinga, men då dei endå ikkje er ferdige så vart det også lagt fram enkelte oppdateringar i sjølve møtet.

Det var sett av 10 minutt til kvart institutt/senter. Einingane ved kontorsjef og/eller instituttleiariar kom inn og gav ei generell orientering om budsjetta for 2023 i tillegg til å gje nokre refleksjonar på langtidsutsiktene. Fokus for desse drøftingane er det som har konsekvens for arbeidsmiljø og arbeidssituasjonen for dei tilsette.

Det kom enkelte spørsmål frå organisasjonane knytt til dei ulike budsjetta som vart oppklara av den som representerte den enkelte eininga.



Informasjonssaker

NTL ba i forkant av møte om informasjon i tre saker.

A. Innføring av EpN (emneplanlegging på nett)

Korleis har denne prosessen vore forankra? Korleis er medverknaden forankra? Kven har bestemt at SV skal vera i pulje 1?

Har fakultetet kartlagt kva konsekvensane av å flytta fristane for emneplanlegging vil vera for dei tilsette? Det nye systemet påverkar arbeidsoppgåver og fleire tilsettgrupper.

Fakultetsdirektøren fortel at EpN er bestemt innført av Universitetsdirektøren og er ikkje konsekvensutgreia ved fakultetet. Saka er diskutert ved fakultetet i kontorsjefsmøter, instituttleiarmøte og forum for studiespørsmål. Grunnen til at ein vil vera med i pulje 1 er at det blir gjeve prosjektstøtte til dei som er med i første fase, noko som har vore ein viktig faktor i vurderinga. I tillegg EpN utprøvd ved Mat.nat.-fakultetet slik at det er ikkje heilt nytt ved UiO. Det gjekk ut ein e-post til kontorsjefar og instituttleiarar i oktober om at dette skulle innførast. Emnebeskrivelsane skal leggjast inn med frist 23. mars, mot normalt i slutten av mai. Sjølv timeplanlegginga skal ikkje vera klar til den 23.

Forskarforbundet støttar NTL i denne saka og meiner det burde ha vore teke i IDF-møte då dette har konsekvens for dei tilsette. Her har dei tilsette ikkje fått teke ut sin medbestemmelse.

Parat er uroa for at dette kan gå ut over forholdet mellom dei vitenskapleg og administrativt tilsette. Det er viktig at ein informerer dei vitenskaplege om kvifor dette blir innført og fordelane med det.

Akademikarane støttar Parat i dette.

Forskarforbundet tenkjer det kan vera ein god idé å ha kurs/arbeidsstove for dei vitenskaplege på nyåret om korleis dei skal bruka EpN.

Fakultetsdirektøren ser at arbeidsstove kan vera ein god idé og tek det med seg vidare.

B. Bemanningssituasjonen på IT

Kan fakultetet seie noko om bemanningssituasjonen på IT? NTL er uroa for om IT-avdelinga er godt nok bemanna før tilbakeflytting til ESH. Dei har fått tilbakemelding om tilsette som har slutta/blitt sjukmeldte i ESH ikkje har vorte erstatta dei seinare åra, og er uroa for om arbeidsbelastninga vert for stor.

Fakultetsdirektøren seier at det ikkje har vore endringar i bemanninga ved IT, forutan at ein tilsett nyleg har sagt opp. Frå Nyttår så er det UiO:IT som skal overta ressursane ved IT, og det er naturleg at dei er involvert i endringar i bemanninga. Når det gjeld flyttinga tilbake til ESH vil ein henta inn IT-ressursar frå PSI i tillegg til at ein har henta inn ekstra assistentar som skal hjelpa til.



Verneombodet deler uroa for dei tilsette i IT-avdelinga.

Fakultetsdirektøren meiner det er viktig at ny leiar tek litt ekstra vare på dei tilsette. Sidan det endå ikkje er kjent kven som blir leiar for IT-folka i ESH har dei eit informasjonsbehov, men fakultetet har informert ut til dei tilsette den informasjonen ein har.

C. Tilbakeflytting til ESH

Kor mange søknader om å sleppa heimekontor er komen inn? Kor mange har behov for tilrettelegging? Er ein i rute. Vidare spør dei om fakultetet har tenkt å dekkja utgifter til breiband og straum i perioden dei tilsette må sitje på heimekontor.

Fakultetet kjenner ikkje til at det er kome inn søknader om tilrettelagt arbeidsplass, men eine PC-stova i 2. etg. i ESH vil vera tilgjengeleg for dei som ikkje har høve til å ha heimekontor.

Elles er ein i rute. Når det gjeld heimekontor vil dette for dei fleste i realiteten berre gjelde ein kort periode då også heile juleferien er ein del av denne perioden, og fakultetet har ikkje planar om kompesasjon.

Med helsing

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

Aud Jorunn Sandal

+4722858224, a.j.sandal@sv.uio.no